



Høgskulen
på Vestlandet

MASTEROPPGÅVE

Den usynlege kroppen

The invisible body

Camilla Eide

Samandrag

Bakgrunn og hensikt:

Pasientar med samansette helseplager dominera i sjukdomsbiletet og søker i stor grad hjelp frå helsevesenet. Hensikten med denne oppgåva er å få eit innblikk i kompleksiteten i ei sjukehistorie til ein person med samansette helseplager og samhandlinga i hjelpeapparatet, sett frå pasienten og den psykomotoriske fysioterapeuten sitt perspektiv.

Metode:

Kasus-studie med narrativ analyse. Det var gjennomført tre dybdeintervju med pasienten og eit dyadeintervju med pasienten og hennar psykomotoriske fysioterapeut.

Funn:

Kvinna har gitt uttrykk for fleire vanskelege møte med helsevesenet, arbeidslivet og NAV over lang tid. Eit sentralt tema er den usynlege kroppen, der pasienten ikkje opplever anerkjenning for sine kroppslege smerter i møte med hjelpeapparatet, og at behandling i stor grad blir anbefalt innanfor psykisk helse. Pasienten har i stor grad blitt møtt med ein dualistisk tankegang i mange av møta med helsevesenet og, i møte med NAV opplever ho at ho ikkje blir sett.

I behandling hjå psykomotorisk fysioterapeut har ho for første gong opplevd å bli møtt med ei heilheitleg tilnærming som har bidratt til at ho er på veg mot tilfriskning. Ho formildar at det viktigaste var at ho lærte å integrere ein betre kroppsleg regulering. Det vil sei at ho lettare finn ro i seg sjølv, og at hennar reaksjonsmønsteret er meir balansert. Møtet med psykomotorisk fysioterapi var eit viktig vendepunkt i livet hennar på veg mot tilfriskning.

Oppsummering:

I ei oppgåve med berre ein informant kan ein ikkje generalisere, men informanten viser til at psykomotorisk fysioterapi har vore av betydning når det gjeld tilfriskning. Forteljinga viser kompleksitet i ei sjukehistorie der sjukdomen ikkje er synleg, og anerkjenning er ein viktig faktor for tilfriskning.

Nøkkelord:

case studie, samansette lidingar, psykomotorisk fysioterapi, narrativ, opplevelingar i helsevesen og NAV.